

Slik ble julen feiret i Bjerkreim



Julekort fra 1913 (kort nr.1)

Jørgen Skjæveland forteller om gamle juleskikker.
Valbjørg Spødervold fortel om hvordan de feiret jul i Austrumdal.
Ola G. Vikesdal minnes jul i gamle dager.
Fredrik Gjedrem forteller om hvordan han minnes jula.

Stor takk til Rolf Mong, Egersund som velvillig har lånt ut julekort
fra sin rikholdige postkortsamling.

Aaland Gård, februar 2011
Paul Tengesdal

Lærer Jørgen Skjæveland (f. 1906) forteller om gamle juleskikker:

Gamle juleskikker

Jul er den einaste kyrkjelege høgtida som har si rot i heitenskapen. I den tida trudde dei på Odin og Tor, då hadde folk alt lært å bryggja øl. Og når ølet svævde dei inn, så var det ei gåva frå gudane, det var ein gudedrikk, sa dei.



«Åsgårdsreien», maleri av Peter Arbo fra 1872. Nasjonalgalleriet i Oslo

Om kristendomen vart innført, heldt folket likevel på å bryggja øl til julefeiringa. Ja, ein gong kom det eit påbud frå kongen at bøndene var pliktige å bryggja øl til jul.

Alt frå heidenskapstida til 1850-1900 åra trudde dei at det var risar, troll, hulder, haugfolk og mange andre troll. Då kristendomen kom, sa kyrkja at desse trolla var heidningar og tente djevelen og hata difor kristendomen og kyrkja og torde ikkje dei såg den heilage krossen som er symbol på Kristus. Og difor hata dei sola og den lyse dagen og levde under jorda og gjekk ute i mørket. Best likte dei seg juletida då det var på det mørkaste. Då kom Ålgårdsreia (Åsgårdsreida) kjørande med mange hestar som eit gruffullt stormver gjennom lufta over gardane i bygda.

FORSKJELLIGE NISSER

Så har me den litle gilde fjosnissen (tomten) med raud pinnhuva og langt kvitt skjegg. Han heldt til om vinteren i løa og fjoset og stelte kyrne så det vart friske og mjølka mykje. Som løn fekk han julegraut i ei treskål på låven. Han gav ikkje julegaver til snille born. Så har me den engelske julenissen. Han var stor som ein vaksen mann, gjekk med ein raud vintrafrakke med kvite border. Han kjørte gjennom lufta eller på slede i snøen frå Nordpolen med eit reinsdyr og hadde med ein sekk full av gåver.

JULEKORT UTLÅNT AV ROLF MONG, EGBERSUND



Kort nr.2



Kort nr.3



Kort nr.4



Kort nr.5



Kort nr.6

Opplysninger om kortene:

- 1 tyskprodusert, glanset og i pregetrykk, brukt 1913
- 2 tyskprodusert, glanset og i pregetrykk, fra 1911
- 3 brukt 1912
- 4 brukt 1919
- 5 brukt 1919
- 6 brukt 1918

EN TRAVEL TID FØR JUL

Føre jul var ei travel tid, for alt skulle vera ferdig til julehelga, for då skulle rokken stå og øksa tia i hoggestabben. Mannfolka stod på låven og bankte og trøskte korn dag etter dag. Dei hogg mykje turr ved. Og mennene brygde øl til jul. Var det fleire bruk på ein gard, så brygde mennene saman. Kvinnene hadde det og travelt. Dei spøtte (strikka) og sydde og laga nye klede til jul, dei vaska stovene og støypte julelys, tidlegare hadde dei laga til pølser og spikekjøt.

Den siste søndagen føre jul var svartesøndag. Då gjekk dei i skitne kvardagsklede og åt dårleg kvardagsmat.



«Juleskikker», maleri av Adolf Tidemann fra 1846. Nasjonalgalleriet i Oslo.

JULEAFTA

Så kom julaftan. Midt på natta stod kvinnene opp og skulle baka lefser, steikja dei og klina dei før dagslyset kom. Lossi sat på taket og kikte ned skorsteinen på steikjehella i gruva og såg etter om dei vart forseine, og så ropte ho ned når dei ikkje vart ferdige. – Dyra fekk betre mat julaftan. Kyrne levde mykje av markhøy, men no fekk dei vatlhøy (vollhøy), hestane fekk korn og fuglane fekk eit kornband, og det trefte at dei slo i hel ein gamal turr sau og bar han opp til fjells, skrubbane skulle og få god julemat.

Til non (middag) åt dei sidesteik (ribbestaik). Dei steikte henne i open eld i gruva og heldt ei skål under som feittet draup oppi. Mot kveld lauge dei seg (bada). Dei bar inn i kjøkken ein stor trekumme som dei fyllte med lunka vatn. Fyrst laudde far seg, så bestefar, og så alle gutane, og tenestedrengen til slutt, alle i same vatnet. I den tida skjemdest dei ikkje om å syna seg nakne. Så

kledde dei på seg reine klede. Etterpå vaska jentene alle dei skine ytrekleda i same skitvatnet.

No sette dei den trianga lysestaken på bordet og det vart julestemning i stova. Mor kokte julegraut av mjøl eller risengryn i søt mjølk i ei stor gryta. Då han var kokt, gjekk dei ut og skaut eit kvast skot med munnladningsbørsa og skræmte bort alle julebukkar, raggetroll og alle slags trollpakk som luska rundt i mørkret mellom husa den kvelden. Så sette dei grautgryta på steingolvet i kjøkkenet og sat kring henne på govet og åt med kvar si treskei den deilege julegrauten.

I alle heimar, både i kristelege og mer verdslege heimar song dei julesalmar or Kingo salmebok og far las juleevangeliet. Då måtte borna sitja stille. Og så kom det gillaste. Då fekk dei julegåvene, alt var nyttige ting, nye klede, sokkar, vottar, treskor, treskeier, knivar og mykje anna, neter (nøtter), søteple og gode kaker.



Her ser vi et postkort fra 1901 med julehilsen (kilde 5).

RARE SKIKKER

Julaften kunne dei unge få sjå på to måtar kven dei kom til å gifta seg med. Då grauten var kokt, sprang ein gut med tvora mor hadde rørt i grauten med rundt huset og bande på kvart hushyrna han kom til. Då kom ho som skulle verta kona hans og slikte tvora. Vart han ikkje gift, kom ein skinnlaus kalv og stikte. Ein annan måte var at han om natta sette tri skåler med vatn, mjølk og øl på bordet og sat og venta. Då kom ho som skulle verta kona hans og drakk av ei av skålene og utan å sjå på han eller seia noko når ho gjekk att. Drakk ho vatnet, vart dei fattige. Drakk ho av mjølka, vart dei vanleg velslåande og drakk ho av ølet, vart dei rike.

RESTEN AV JULEHØGTIDA

Fyrst juledag var ein heilag fredeleg dag. Då måtte ingen gå inn til dei andre på garden, då vart dei kalla Julabukk. Andre juledag var det preik i Bjerkreim kyrkja, då reiste somme til kyrkja .

Nyttårsdagen reiste alle til kyrkja som kunne sleppa frå. Var det snø med sledefore, kjørte dei med dombjøller på boktrea på hesteselen, bjøllene klang i takt med hestetrevet. Ved kyrkja treffe dei kjenningar og tok kvarandre i hendene og ønskte kvarandre godt nyttår.

MEN JULEFEIRINGA ENDRER SEG

For 3-400 år sidan feira dei jul med dans og fylla og skamlaus ulivnad dag og natt. Men så kom Hans Nielsen Hauge til bygda (i begynnelsen av 1800-talet) og fleire vart haugianarar. Så kom pietismen med pontoppiansforklaringa der det stod kva som var synd og ikkje synd. Og det kom andre kristelege vekkjingar. Sidan vart ein del ungdomar påverka av Grundtvigs tankar , ei meir liberal tru med leik og glede og fråhald frå all rusdriking. Alt dette gjorde at det vart slutt med den heideniske ville julefeiringa. No går me kring juletreet og syng julesalmar om han som kom til jorda for å frelsa oss og visa oss vegen tillukka i livet.

(kilde 1)

*

Husmor Valbjørg Spødervold (f. 1923) fortel om hvordan de feiret jul i Austrumdal:

Jul i Austrumdal før i tida

Korleis feira dei jul i Bjerkreim for 60-70 år sidan? Litt om korleis dei feira jul i Austrumdal fortel Valbjørg Spødervold som er fødd i 1923 om i dette stykke.

Valbjørg er fødd og oppvaksen på denne garden, og då ho var barn var det ingen veg til gards. All ferdsel måtte gå i ein liten motorbåt på vatnet, eller på ski eller med hest og slede om vinteren. Var det mein-is, dvs usikker is, måtte dei gå over heia til Malmei eller over Rambjørheia til Hegelstad, så post vart ikkje henta meir enn til kvar veke eller fjortende dag.

HERMETISERT KJØTT

Før jul vart det vaska i huset og rydda og sopa i uthuset. Og det vart bakt lepsebrød og havrabrød og smultringer. Andre småkaker trur eg ikkje me hadde før Solveig, søster mi, vart vaksen og begynte å baka. Me hadde som regel to griser og den eine vart slakta til jul og då fekk me

og sylte som var det einaste kjøtpålegget me hadde. Sau og geit var slakta tidlegare på hausten, og kjøttet var salta og noko vart hermetisert og lagt ned på Norgesglas slik at me kunne få fårrikål.

Torrisk til morgons. Til morgonsmat på julpata hadde me torrisk, lepsebrød, jordeple og saup eller saft. Dette var ein gamal tradisjon som far (Torvald) heldt fast på. Og denne tradisjonen har Jorunn, søster mi, og hennar familie halde på og brukar enno i dag. Til middag hadde me skjeva med sylta og geitost som var laga på garden, og med mjelk og kaffi til drikka. Og til nons hadde me sidesteik (pinnakjøl) med eller saft. Det med varm mat i 3-4 tida var vanleg før i tida. Det var først etter at meieriet kom, at folk begynte å eta det varme måltidet midt på dagen, fortalte far.



Kort nr.7



Kort nr.8

Begge kort av ukjent år

GRANGREIN TIL JULETRE

Juletreet var det faster Valborg som pynta og det vart som regel gjort etter non. Me ungene måtte halda nevene vekke og ikkje gå og plukka. Valborg hadde budd 24 år i Chicago og ho hadde difor litt amerikansk pynt på treet. Me hadde alltid gran til juletre, men det kunne av og til vera vanskelig å finna på garden, så ei gong trur eg beint fram at far og Arnfinn, bror min, hadde teke ei grein av den store granen i hagen og bora i nokre smågreiner slik at det vart juletre av det. Far som var fødd i 1884, fortalte at då han var liten var det ingen som hadde juletre, men dei begynte å koma i 90 åra etter skikk frå Stavanger. I Austrumdal var det ikkje vanleg med juletre før etter 1910.

JULELAUG I VASKESTAMPEN

Mens karane var i fjoset skulle me ungene vaska oss. Det vart gjort i ein stor trestamp framføre ognen i stova. Vatnet vart varma i ei gryta på kjøkken for me hadde ikkje varmtvannsberedar. Men i motsetning til dei fleste andre i Bjerkreim på denne tida, hadde me elektrisk lys. Det fekk me i 1919. Dei vaksne vaska seg i kjellaren, men bad fekk me ikkje før etter krigen.

«GRØNAGRAUT» TIL KVELDS

Om kvelden hadde me sjølv sagt "grønagraut" dvs risengrynsgraut og smultringer og med saft til. Etterpå tende me lysa på juletreet og så song me julesongar. Me gjekk ikkje rundt treet, eg minnes det var snakk om det ei gong, men eg hadde ikkje lyst. Så vart julegavane som låg under treet pakka opp. Eg trur me ungane fekk tri-fire pakkar kvar. Det var frå far og mor, frå faster Valborg, frå farbror Sem i Stavanger og seinare og frå Arnfinn.

Me var alltid spente på kva me fekk av Sem og Torborg. Ei gong kan eg minnst at eg pakka opp eit batteri. "Det kan Arnfinn få i lommelykta", sa eg. Men då eg pakka opp resten som var ei lita fin lampe med lommelyktpære og grøn skjerm på, var det ingen som fekk batteriet. Me hadde aldri nisse. Slikt nymotens påfunn ville ikkje far vita av. Utover kvelden fekk me og appelsin, netter og fiken .

ME FEKK VISST ALDRI JULEBESØK

Første juledag hadde me lepsebrød og dravle, skjeva og litt småkaker. Til middag hadde me ferskt (hermetisk) kjøt av eit eller anna slag, gjerne fårikål. Og sviskegraut med fløte til dessert. Til non var det vanleg brødmat og kaker og om kvelden var det til vanleg resten av julegrauten med restane av sidesteika attåt.

1. juledag var det skikk og bruk å ikkje gå på vitjing til nokon denne dagen . Og far fortalte at då han var liten og budde på Eikeland, hadde han ein førstedag vore å leika med "Imme" (Ingeborg, dotter til husmann Svale Eikeland) og fått "dualeg" skjenn etterpå.

Men me i Austrumdal fekk sjeldan besøk eller var på besøk om vinteren, og eg trur aldri eg minnst at nokon kom på julebesøk. Det var for langt å gå fram og tilbake over heia på dagen eller for kavesamt å ta ut med motorbåten og henta og bringa folk. Men eg minnst at mor (Serina) kvar førstedag ringde til Rakel på Grøtteland (eller Rakel ringde) og ønskte God Jul!

(kilde 2)



Kort nr.9



Kort nr.10

Begge kort av ukjent år

Bonde Ola G. Vigesdal (f 1908) minnes jul i gamle dagar:

Det var stillhet, høgtid og alvor

Lenge før jul gjekk me borna og gledde oss. Det var Maria, Marta og eg. Solfrid, yngste søstera vår, var fleire år yngre. Bestemor Marta, fødd Birkeland, fortalde oss masse om jul. Det var om hyrdane på markene, englane som song og om Jesus-barnet som vart fødd i Betlehem. Ho var flink til å fortelja. Så hadde me mange, fine skumringstimar saman med henne før lyset i lampen vart tent.



Julekort med engler var populære motiv.

JULEFORBEREDELSE

Me fekk oppleva på så mange måtar at jula nærma seg. Alle fekk det så travelt og dagane var korte, kalde og mørke. Vinteren var ofte svært kald, og der var masse snø. Det første storarbeidet i god tid før jul, var slaktinga. Både gris og sau vart slakta heime. Kjøtet vart salta i stampar og innmaten nytta. Der vart laga mårpølser. Dei vart som regel tørka på stavar over vedkomfyren. Der vart laga blodpølser, komler, rullepølser og persesynte. Sidene på sauen vart salta og seinare tørka på loftet. Seinare tok mor og bestemor til å vaska inne, ofte blei taket vaska. Det tjukke tømmerstokkane på veggen i stova fekk seg og ein god omgang av vaskefilla,

Far og bestefar, Ola, svidde på saueføter i kjellaren. Torv kjørte dei heim frå torvløa og dei sørgde for gnistrande god, tørr jule-ved. Me borna hjelpte til best me kunne. Maria var eldst og måtte ta tyngste taket. Inger fekk lura seg unna. Far var streng, mor var mykje mildare. Så skulle det bakast havreleivar i store ruer pluss lefsa. Småkaker vart det baka lite av, berre nokre kakemenn, men mor var veldig flink til å laga fattigmansbakkelse. Olaf heime på garden, har sagt at han aldri har smakt bedre fattigmansbakkelse. Gome vart kokt like før jul. Den vart servert på det store tinnfatet om julafta. Det fatet heng over omnen i stova i dag. Me borna tykte det var gildt å vera


med å støypa lys før jul. Det var masse arbeid. Me har ein gammal lysestake som minne frå den tida. Staken hadde ein lang spiss som dei kjørte ned i bordplata når staken skulle brukast.

JULEAFTA

Ein dag eller to før julafta vart me borna bada. Mor tok opp vaksestampen frå kjellaren. Vaskestampen sette ho i stova, fylte i varmt vatn og fyrte godt i omnen. Skikkeleg vaskeomgang for alle; reine, gode og varme klede etterpå. Då eg var liten var der som regel masse snø om julafta. Det var så reint og ryddig inne i stova. Vevstolen var sett på loftet, rokken likeså. Ingen arbeidde, hverken med skaving eller tresko. Mor hadde lagt ein liten raud duk på bordet, lys var der i staken og ofte litt einer i ein vase. Bestemor la på plass lesestolen frå 1843. Den var ei gåve frå Ole Larssen og Birte som var husmenn på Larsanstykket. Så las ho i Bibelen og salmeboka. Desse bøkene, ein Bibel frå 1835 og M.B. Landstads Kirkesalmebok frå 1872, er ennå å finna i det gamle huset. Der var lite glitter og stas med jul. Men der var stillhet, høgtid og alvor.

Om julafta gav far og bestefar dyra ute ein ekstra godbit, og hestane, me hadde alltid to, fekk ekstra med korn. Middagen på julafta åt me på kjøkkenet. Det var pinnasteik og sviskesuppe. Om kvelden åt me grønaugraut inne i stova. Alle hadde fine klede. Då me hadde ete grauten, tok bestefar og bestemor, far og mor, Maria, Marta og eg kvar si skei og gjekk på kjøkkenet og etter tur skrapte skover i grautgryta. Den skikken tok slutt då bestemor og bestefar døydde.

Me sette oss etterpå til bords igjen. Bestemor sette Bibelen i lesestolen og leste juleevangeliet høgt og tydeleg. Etterpå song me alltid. «I denne søte juletid» i Landstads salmebok. Bestemor kunne lesa, men ikkje skriva. Då borna deira vart vaksne og ho fekk brev frå dei ifrå Amerika, lærte ho seg å skriva, så ho kunne svara på brevene.



Kort nr. 11, brukt 1910.

JULEGÅVER

Me delte ikkje ut gåver om julekvelden. Men då me skulle legg ja oss om julekvelden, hengde me ein sokk på sengeknotten oppe med hovudet. Det første me barna såg etter om morgonen var om der var noko i sokken. Det var der. Mor hadde alltid spøta sokkar til oss, og så var der appelsin og anna knask. Gotterier fekk me lite av ellers. Appelsiner bare til jul. Så me var så glade og velnøgde med det me fekk. Juledag måtte me vera heime og ikkje gå av garden. Då las bestemor i Luthers gamle huspostille. Også denne boka er teken vare på. Teksten var lang. Me forstod svært lite, men stillt måtte me sitja.

Då bestemor døydde, vart det slutt å lesa teksten der. Mor las teksten i Ludvik Hope - «Mot målet» -om sundagane.

TIL KYRKJA

Far og mor gjekk i kyrkje første nyttårsdag, om dei kunne. Og tidt gjekk dei også første juledag. Far kjørte med hest og slede, eller med karjol alt ettersom føret var. Eg hugsar ennå korleis mor pakka inn oss barna i ein tjukk kep. Den var god og varm, vegen var lang og det var ofte kaldt. I kyrkja hugsar eg særleg godt lampar og levande lys. Lysekroner fekk kyrkja seinare av Jonas Birkrem. Eg hugsar også to digre, høge vedomnar på kvar side midt i kyrkja. I den tida var det ikkje stillar for hestane, så folk måtte gå rundt på gardane og få sett hestane inn.



Kort nr.12, brukt 1919



Kort nr.13, brukt 1919

JULETREET

Det første juletreet eg kan minnst var ein einer. Far kjøpte ikkje juletre og me hadde ikkje juletre i eigen skog den gongen. Eieren vart pynta med lekkjer og korgar av fint papir som bestemor hjelpte oss med å laga. Me hengde og opp appelsiner og eple på treet, pluss nokre norske flag. Det var veldig fint, tykte eg når me tende dei heimelaga lysa.

Det er stort å få feira jul og minnst Jesu fødsel og seinare då han leid og døydde for oss. Eg får også lov å tru: Frelst av nåde, jeg salig står midt i all min nød. Han er Frelser min.

Om jula var svært svært annleis nå, har eg lyse minne frå barndommens jul. Slik avslutta Ola G. Vigesdal soga om jul i gamle dagar slik han hugsar det. Kaffikoppen var utdrukken og me vart tekne med inn i bua. Her var dei gamle klenodia, dei konkrete minna frå gamle dagar, ei tid då ramen omkring julefeiringa var ei heilt anna, men innhaldet og forventninga var den same som i dag. Før me tek farvel, finn Johanna fram Boka og les for oss. Me er på heilag grunn. Her har dei lese i generasjonar.

(kilde 3)

Lensmann Fredrik Gjedrem (f. 1921): Slik minnest eg jula:

Jula hadde ein eigen glans

Me var alltid mange heime, minst ti til bords kvart måltid. Til jul hadde me lefse, krotekaker og småkaker; smultringar, krumkaker og sandkaker, ti i talet. Men det var lite slakting f..r jul på lensmannsgarden.

Det er gamle-lensmannen, Fredrik Gjedrem som ser tilbake på barndommen og korleis det var å feira jul den gongen. Mykje har endra seg sidan tjue-åra då Fredrik vaks opp.

Det var mykje styr og ståk før julefreden kunne ringast inn. Det skulle lagast grisesylte og persesylte. Bakstekona kom og bakte lefse og krotekake ein heil dag til endes. Og mor kokte alltid gome til jul. Men på julafta var det risgraut. Men det var som sagt mykje som skulle gjerast før ein var komen så langt. Siste sundagen før jul vart kalla svartesundag. Då skulle me ikkje gå til nokon, og forventninga til jul var stor. Me ungane snikte på julematen.

Dette var før straumen si tid. Me brant lys og fyrte i omnane. Det var tungvint, men det var ein viss kos med det. Det var ei lampe på kjøkken, ei i stova og ei på kontoret til far. Var det ikkje folk der, vart lampa sløkk. Ute var dei heilt mørkt. Me skulle badast denne dagen, i stampen. Sjølv ikkje lensmannsgarden kunne skilta med bad. Men ungane måtte vera gullande reine.

EIN DAG OM ÅRET

Nyttårsfesten var reservert ungdommane. Der fekk me ikkje gå før me var konfirmert og hadde fått oss langbukser.

Me hadde levande ljøs på juletreet. Og me trudde på nissen og hengde opp sokken på sengekanten julafta. Me var tidlege til å ordna sokken, og svært spente på kva som var oppi den førstedag. Det var den einaste dagen i året me såg druer, appelsiner, nøtter, sjokolade.

Me gjekk alltid rundt juletreet julafta. Men me las ikkje juleevangeliet heime hjå oss. Dei første åra var det lite gåver, men dei kom etter kvart. Det var som oftast nokre småleiker, men for det meste var det bruksting. Jentene fekk pynteting.

Det var fast tradisjon å gå til gudsteneste andredag. Det var nå i nyare tid at presten Brundtland starta med gudsteneste her på julafta. Etter gammalt hadde Helleland gudsteneste førstedag og me andredag. Mor kokte middag medan far og me ungane gjekk til kyrkje. Det var alt for lenge å venta på at middagen skulle lagast til etter gudstenesta. Den måtte vera klar når me kom heim.

Det var ikkje så mykje familieselskap i den tida. Familien samlast heller til påske då det var lettare å ta seg fram. Det var fast tradisjon at presten var hos oss til middag første nyttårsdag. Den dagen var det alltid først i kyrkja og deretter i prestegarden. Men på julafta og førstedag skulle alle halda seg heime kvar hjå seg. Det var alltid kvit jul før i tida. Eg kan ikkje minnst ei svart jul i barndommen. Om det drog ut, vart det alltid snø julafta i det minste.



Kort nr.14, brukt 1921



Kort nr.17, brukt 1950



Kort nr.15, brukt 1947



Kort nr.18, brukt 1920



Kort nr.16, brukt 1954

TRUDDE PÅ NISSEN

Eg hadde Hanna Migedal på skulen. Ho snakka mykje om jul, og om Jesus som vart fødd. Den siste dagen før jul sette ho saman fire pultar. Så gjekk me rundt og song julesongar. Det var koseleg. Me hadde alltid juletefest på skulen mellom jul og nyttår. Der fekk ikkje ungane gå før dei hadde teke til på skulen. Ingen tykte det var rart. - Me var livredde då julenissane kom. Eg kraup under benken og grein, var livredd alt dette merakkelet. Så sloss dei for løye, og til meir skreik me.

Men så fekk me kake og appelsiner. Han: Det gjekk ei stund før me forsto dette, me trudde lenge på nissen.

JENTENE HADDE BERRE TREMEIER

Eit år fekk me kjelke til jul. Det var stas. Me gutane fekk våre kjelker jernskodde av smeden. Det minnest eg spesielt, for dei vart veldig glatte. Du som me rann på dei. Men jentene fekk berre tremeiar. Det gjekk ikkje så fort. Me sette og utfør den store bakken med sleden. Eg rann mellom skjekene med kjelken og styrte og ti femten ungar bakpå. Du som det gjekk. Me kom heilt ut på brua over elva. Eit anna minne var at eg kvar jul fekk vera med ein kamerat opp i kyrkjetåmet for å ringa inn jula.

KONTRASTEN VAR STØRRE

Me var fornøgde med lite den gongen. Kake var det berre til spesielle anledningar, og småkake berre til jul. I dag er det snart ingenting som er høgtid lenger. Kontrasten mellom kvardag og helg var så mykje større då.

(kilde 4)



Kort nr.19, brukt 1942

Skikken med juletre

Mens noen av de gamle juleskikkene er meget gamle, så er dette ikke tilfelle med juletreet. Det var først på 1800-tallet at det ble mer og mer vanlig med juletre i Norge. Også denne skikken kom fra Danmark og Tyskland, og er beslektet med den gamle nordiske skikken å sette opp maistang om våren, som også hadde med fruktbarhet å gjøre. Langt utpå 1800-tallet var juletreet nærmest ukjent i Dalane-distriktet, og en må et godt stykke inn på 1900-tallet før det ble allemannseie (kilde 6). Et bevis på dette finnes i «Egersundsposten» 1866:

Kjøb intet juletræ

En ny Skik, eller rettere sagt Uskik, er indtil for få Aar tilbage aldeles ukjendt her på Stedet. Er i senere Tid blevet temmelig almindelig, nemlig: At have Juletræ Juleaften.

Indsenderen opfordrer Enhver, der har Sands for og Vilje til at ville beskytte de faa Træspirer der findes hist og her omkring, til at ophøre med denne skik og derfor ikke at afskjøbe Faldbydere af disse Juletræer.

Man legger merke til, at for hvert Juletræ ødelegges et frodig Træ, og den nuværende Anledning til at blive af med disse, gjør, at de faa Fureskud som finnes hist og her omkring mer og mer ødelegges og forsvinder, ja man er endog udsat for at faa plantede Træer afskaarne.

Afskaf derfor denne skik, den hører ikke hjemme i vor træløse Egn. Kjøber man ingen Juletræer vil Fristelsen til Træødeleggelse ophøre. I forrige Tider var det Skik her i Egersund at man St. Hansaften plantede friske afhugne Birketræer i Gaderne, hvorved mange Træer ødelagdes.

Senere ble man enig om ikke at tillade saadanne plantinger udenfor sine Huse; derved ophørte Hærværk i paafaldende kort tid (kilde 7).

KILDER

- 1 - Jørgen Skjæveland, Gamle juleskikker, Bjerkreim Bygdablad nr. 10 - desember 1989
- 2 - Valbjørg Spødervold, Jul i Austrumdal før i tida, Bjerkreim Bygdablad nr. 9/10 - desember 1994
- 3 - Ola G. Vikesdal, Det var stillhet, høgtid og alvor, Bjerkreim Bygdablad nr. 10 - desember 1991
- 4 - Fredrik Gjedrem, Jula hadde sin egen glans, Bjerkreim Bygdablad nr. 10 - desember 1990
- 5 - «Sydvesten» Lokal- og slektshistorisk magasin for Rogaland nr. 4 – 2007
- 6 - Arvid Midbrød, Egersund, artikkel i Sydvesten nr. 4 – 2007
- 7 - «Egersundsposten» 15. desember 1866

Julekort fra krigens dager

På siste side (16) er det tatt med en del julekort fra julen 1942, -43 og -44. Disse finnes i egen samling, og er sendt meg av mine slektninger. Her er vist et representativt utvalg som er fra mine første leveår, og kortene må vel sees i den sammenheng. Men en kan merke seg at kortene ikke på noen måte bærer preg av noen høytid-stemning. Her finnes ingen glansbilder, ingen englebilder, heller ikke noen «Gledelig Jul!» – alt trykket på grått stivt papir. I alt overveiende er det nissebilder som dominerer, i forskjellige situasjoner. Men og andre helt nøytrale bilder, som eksempel det viste bildet med to ekorn – vi aner en tung og trist tid!

Paul Tengesdal

